

Varhaug Misjonshus



Innhold:

Andakt	Side 5	Stemnestaden	Side 20-23
Våren	Side 6-7	Mi bok	Side 25
Min song	Side 9	Prosjekt Syng 2023	Side 26-27
Kvinneforeniga Friesta	Side 14	Påskevandring	Side 28-29
Back to Basic	Side 18-19	Der meisteren vandra	Side 30-32



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND





Alt i oppmerking av
parkeringsplasser

Toppaveien 7
4360 Varhaug
Telefon: 51 43 09 37
Fax: 51 43 33 64
Mobil: 908 89 556



Bilopphugging og stort delelager.
Ytre Torvhusv., 4370 EGERSUND
TLF: 51 49 49 50
FAKS: 51 49 49 60
rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!

SI.BYGG
www.sibygg.no

MASTERHUS – *det blir som avtalt*



FØREMÅL MED HUSET ER:

Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjening og dei retningsliner som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter.
(§2 i lovene for Varhaug Misionshus)

Meldingsblad for Varhaug Misionshus

1 - 2023
35. ÅRGANG

Eigarar

Varhaug Misionshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

Norsk Lutherisk Misionssamband

Formann:
Tormod Nord-Varhaug
Mob. 908 67 879

Det Norske Misjonsselskap

Leiar:
Sigrun Bakke
Mob: 957 04 371

Normisjon

Leiar:
Øystein Varhaug
Mob: 970 90 811

Indremisjonsforbundet

Formann:
Toralf Liene
Mob: 951 69 466

<http://www.varhaug-misionshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.
Mob: 476 01 167
E-mail adresse:
post@varhaug-misionshus.no

Postadresse:
Pb 103
4368 Varhaug
Kontortid: måndag og torsdag
kl 2000-2100
Kontonr. 3335 11 24011

Kommentarer/innlegg til bladet:
E-mail:
redaksjonen@varhaug-misionshus.no
Tlf. 900 58 503

I redaksjonen: Karin Lerbrekk,
Kristian Skrettingland, Sjur Håland og
Per Åge Skretting

Frå redaksjonen



Nå har du eit nytt misjonshusblad i hendene, og eg vonar du finn det interessant, sjølv om våren er i full gang og sommaren står for døra.

Prosjekt Syng 2023 inviterte til konsert på misjonshuset søndag 19.mars. Det knytte seg stor spenning til kor mange som ville koma, og det var svært gledeleg at huset vart fullt med ca 300 tilhørarar i tillegg til koret og musikarar. Glenn Skretting har vore med i komiteen for dette og fortel at det var ein flott kveld. Bileta frå konserten er teke av Martin Lerbrekk.

I dette bladet kan du lesa andakt av Anne Utland. Ho er frå Lyngdal, har budd på Varhaug ei stund nå og funne seg godt til rette med det som skjer på Misionshuset. Ho har sitt arbeid i Tjemslandhagen barnehage. I dette bladet stiller spørsmålet: Kjem Jesus smart?

Min Song er levert av Solveig Horpestad. Ho er oppvakten i Nord-Norge, men har budd på Varhaug i snart ti år.

Søndag før palmesøndag vart det arrangert påskevandring på Holmvatn for 3. gong. Første gong var under pandemien, då det var umogeleg å samla mange til leir eller andre arrangement. Over 450 deltok i år.

Sjur Håland tenkjer på Våren, som eit Herrens under. Våren er som ein re-start der nytt liv av daude gror.

Eigarorganisasjonane har hatt sine årsmøter, nye styrer er valgte. På side 18 og 19 presenter me dei nye styrene.

Det planlagte byggeprosjektet har blitt utsett noko, men venteleg er me i gang før sommaren. Akkurat nå ligg saka til handsaming hos kommunen. Me håper å få positivt svar over påske.

Torbjørn Honnemyr skal frå midt i april og nokre månader framover vere korttidsmisjonær i Etiopia. Han har vore misjonær der med familien i fleire år før, men reiser denne gongen aleine. Han takker for forbøn i tenesta.

Denne gongen presenterer me kvinneforeninga Fiesta. Dei er ikkje så mange, og ynskjer å få fleire med der det både er husrom og hjarterom til fleire.

17. og 18. mars arrangerte Varhaug kristelege ungdomsforening (VAKRU) den årlege Back to basic-helga. Helene Skrettingland fortel at dei har hatt møter med lovsang, mat, aktiviteter og vas. Kort fortalt, leir utan overnatting.

Løestevne, kva er nå det? Det er litt usikkert kor tid det første vart arrangert, men mykje tyder at det starta før krigen. Det har vore løestevner bla på Ånestad, på Ualand og på Skretting tidlegare.

Terje Bøe har lese boka «Mens vi venter på eit under». Han liker denne boka fordi ho ikkje tek det lett på dette med sjukdom.

«Der Meisteren vandra» tek for seg staden Kana i Galilea, der Jesus gjorde sitt første av 37 under. Mange har gått ruta «The Jesus trail» som går frå Nasaret til Kapernaum.

Takk til Eirk J. Varhaug for trugen innsats i mange år i redaksjonskomiteen. Kristian Skrettingland har gått inn i hans plass. **Velkommen!**

Per Åge Skretting
redaktør



FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.



Jærentrepreneur

Opstadveien 643
Postboks 54 – 4368
VARHAUG
Tlf.: 51798700
post@jerentrepenor.no
Org. nr.: 934279980
www.jerentrepenor.no

Regnskapsfirmaet på Jæren
Besøksadresse: Stasjonsvegen 14, 4360 Varhaug. (2 etg på Stuelandsbygget)
Kontor på Bryne - Sandnes - Varhaug



www.jarok.no

post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66



KAY'S BETONGSAGING AS

- Kjerneboring NÆRBØ
- Meisling Tlf. 908 37 365
- Minigraver

JÆRBU GJØDSELPUMPE

Ole G
Nord-Varhaug & Co a-s

Hatleveien 4, 4360 Varhaug
Telefon 51 79 35 50 www.jaerbu.no


Leverandør av trelast og bygningsartikler



Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærø
Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16





Anne Utland

Kommer Jesus snart?

Jeg syns vi lever i spesielle tider og for meg som lever med Jesus er det egentlig spennende tider. Ikke sant? Vi må bare holde oss nær til ham. Jeg har spurt meg selv dette spørsmålet mange ganger den siste tiden, om Jesus kommer snart.

Tidens tegn begynner å gå i oppfyllelse. Og vi skjønner jo da at Jesus snart kommer.

Og hvilke tanker kommer i forbindelse med Jesu gjenkomst? Jo, er jeg klar? Blir jeg med?

Og mine tanker går til lignelsen om de ti brudepiker, 5 var klare og 5 var ikke. Han kjente dem ikke en gang. Og de var jo sammen alle de ti, og trodde alle ble med i bryllup.

Matt 25:1-13

Det burde gi oss noe å tenke på. Holde oss nær til ham, så vi har olje på lampen. Og er klare.

Jesus sier i matt 16 til disiplene at om de vil følge etter ham, så må de fornekte seg selv og ta sitt kors opp. For den som berger sitt liv skal miste det. Men den som mister sitt liv for min skyld, han skal finne det. Hva betyr egentlig dette?

Det betyr egentlig bare at vi skal dø fra oss selv. Som vi gjør i dåpen, vi gravlegger det gamle menneske for å stå opp og leve som et nytt menneske. For hva betyr det for et menneske at det vinner hele verden, men taper sin sjel.

1.Joh 5:19

Vi vet at vi er av Gud, men hele verden ligger i det onde. Og hva betyr det? Vi er av Gud, betyr jo at vi er en del av han. Vi er skapt for å ha en relasjon med han. Men enn så lenge så lever vi i denne verden og den ligger i det onde og vi må fylle oss med Guds ord så blir stående. For djevelen er verdens hersker.

Når Jesus forteller disiplene om sin død, sier Peter: Gud fri deg. Hva svarer Jesus da? Vik bak meg Satan for du vil føre meg til fall, og har ikke sans for det Gud vil. Peter ville bare vise Jesus at han brydde seg om han.

Vi må passe oss for å gjøre det som mennesker vil. Vi må gjøre det Gud vil. Og Guds plan var jo at Jesus skulle dø for våre synder. Så vi må holde oss til Guds ord og ha kjærlighet til sannheten. **2.tess 2:11-12.** I disse versene ser vi at Gud sender villfarelse over de som ikke imot kjærligheten til sannheten, men trodde løgnen.

Det ble et litt alvorlig tema jeg tok opp i dag, men dette ligger på mitt hjerte, at vi må være våkne så vi blir med. Jeg ble selv fullt av glede da jeg skjønte at Jesus kanskje snart kommer, selv om jeg vet det blir tøffe tider. Men vi har ingenting å frykte vi som hører Herren til.

Vær våken og be, for det er viktig i denne tid. Gud velsigne dere alle og gi dere av sin nåde.

Med hilsen Anne Utland




Photo by Aniket Bhattacharya on Unsplash

Våren - eit Herrens under

Sjur Håland

Heldige er me som har luktesans og fire årstider å snusa på. For er det ei årstid som verkeleg bør feirast, er det når me kan hiva stillongsen og ulltrøya og broddane om våren.

Vekslande vêr? Ja vel. Men temperaturane er på veg oppover. Det blir lysare. Me er ferdige med vinteren for ei stund og kan hiva pyntegrønt-grankvisten som ligg på trappa, i restavfallet.

Det er rart slik me er skapte og skrudde i hop. Når me er på veg ut i garasjen etter meir ved og kalenderen viser februar, lengtar me etter våren og vårteikna.

Mange av oss skjerpar øyre og augo nårvêret er så pass at det er forsvarleg å koma seg ut på ein kort tur midt på dagen mens det er lyst og du går på strødd sykkelsti og det er forsvarleg å droppa refleksvesten.

Og skulle me sjå eller høyra vipa i februar, er det ei vitamininnsprøyting av beste sort. Sjølv om me alltid tenker at vipa burde ha venta nokre veker til før ho kom.

Og hører me ikkje vipa på tung søndagstur i februar, så ser me kanskje i det minste nokre snøklokker på lune stadar langs turstien. Det skal ikkje meir til før motet stig eit par hakk og me byrjar å drøyma litt om årstida som er i kjømda, medan vatn frå sølepyttane trengjer inn i skoa og me kompenserer med å trekka huva godt ned over øyrene.

Manns minne er kort, vert det sagt. Mitt er enda kortare. Eg hugsar lite frå vinteren som var. Anna enn at han var lang nok. Og mørk nok. Og at om det var lite snø, hadde han rikeleg med vind. Særleg frå søraust. Med regn attåt.

Så kom me til mars, utan at det hjelpte så mykje. Men så kom Maria bodskapsdag ein søndag godt ut i mars, så vart klokka justert ein time fram, siste søndagen i mars. Og så bikka me april og så vart det påske.

Du hendelse for ei årstid. Nå er me her. Nå er vinteren som var berre eit vagt minne. For nokon har skrudd på det store lyset og lagt i den store omnen og sytt for at det for tida livnar friskt i lundar, og lauvast i lid.

For nå er det vår. I sauehus og i fjøs ristar aldeles nyfødde lam friskt med hovuda for å kvitta seg med fostervatn og morkakerestar slik at dei kan suga livgjevande ufiltrert jærluft ned i lungene.

Luft metta med husdyrgjødsel frå kjelvene rundt omkring i bygda vår. Bøndene på Jæren har sett inn automatgiret. Dei sviv i takt med traktorane døgnet rundt

Lerka jublar høgt i sky, og det er ho ikkje åleine om. Kvinner og menn frå alle sosiale lag i alle aldrar får nytt mot og ristar seg som lamma ut av inneklima og vinterdvale, opnar ytterdøra og mysar mot sola og mot naboen som står midt i hekken og plukkar fjorgamle planterestar opp i ein svart soppelsekk - med hekken i våret.

Det er nå folk knyter på seg lette joggesko kjøpt på tilbod på Black Friday i vinter. Sko så vårlette at du nærmast blir løfta opp frå grusen og mister bakkekontakten ein kort og lykkeleg augeblink, sjølv om badevekta avslørar at du heller burde kjent deg som ei sementblokk.

Rutinane endrar seg når det er vår. Folk sopar garasjen rein for asfaltstøy, grus og salt. Folk legg på sommardekk, ryddar plass i bagasjerom og hektar på tilhengarfarkostar. Kvinner og menn med minkande vintereksem, men aukande pollennallergi og tørr vårhud valfartar med elektriske bilar og grøne fingrar til Wiig Gartneri eller Plantasjen eller Felleskjøpet eller Eurospar eller Bohus for å kjøpa nye hanskar for å laga tusenfryd av anemoner og hyacinter.

Unge folk med nye hagar og barnevogn. Middelaldrande med konfirmant, Tesla og nyvaska betongheller i entreen. Gamle med mose i plenen, titan i knea og rustfrie skruer i ryggen, blir fylte av ny energi.

For det har blitt vår. Solstrålene verkar til og med for slike som meg som har blitt avhengig av varme tøfler på parketten gjennom vinterhalvåret og som sabber rundt med ullstilongs under jeansen mellom første oktober og 15. mai.

Nå er det tid for kalvedans på balkongen og tørr bjørkeved frå Rema 1000 i bålpanna.

Ja vi elsker, skreiv Bjørnstjerne Bjørnson. Kanskje er det slik at ja, vi elsker - særleg om våren. For våren får det ikkje til å bobla i blodet berre hjå nyforelska russ i bassande buss - i tjue grader pluss. Eg trur det boblar litt ekstra i oss alle når det er vår.

«Det er sommar i vente, det er lykke å hente - det er livet som forærer deg ein blomebukett.» Noko slik heiter det i visa til vår folkekjære trubadur Vidar Sandbek.

Me har gått på sparebluss ei stund. Nå er det D-vitamin frå sola, lette plagg og ny giv som gjeld. Ikkje så rart kanskje at det blir travelt på Pytten dei komande vekene når folk skal kvitta seg med det gamle og byrja på nyt.

Våren er som ein re-start der nytt liv av daude gror. Våren er mest som eit under. Eller rettare sagt; det er eit Herrens under. Om eg skulle halde verdas kortaste andakt basert på eitt verdsleg ord, hadde ordet blitt vår.



MALER OG GOLVLEgger

Jæren Gulv AS

Varhaug • Tlf. 488 48 700



Fv. Georg Høien, Per Arvid Jakobsen, Tarald Ånestad, Torbjørn Honnemyr, Loyd Aanestad, Glenn Skretting, , Sigrun Kydland, Grete Håland og Andreas Rasmussen

Nytt frå husstyret, april 2023

Torbjørn Honnemyr

Det planlagte byggeprosjektet har blitt utsett noe, men forhåpentlegvis er me i gang før sommaren. Akkurat nå ligg saka til handsaming hos kommunen, me håper å få positivt svar over påske.

Teikningane ligg på heimesida, så det er bare å ta ein kikk. (www.varhaug-misjonshus.no)

Det meste av arbeidet skal gjerast av profesjonelle firma, men likevel vil det vere behov for noe dugnad, så me håper du er positiv til dette. Dugnad, ein kopp kaffe og kanskje eit Gudsord gjør godt for både kropp og sjel.

Det vil snart bli meir blest om innsamlingsaksjonen og. Rekninga må betalast, og me håper du har mulighet til å bidra når spørsmålet kjem. Av totalsummen på 5-6 millionar treng me å samle inn ca 3,5 millionar. Per nå har me fått inn ca 50 000, så det er bare i startgropa. Men prosjektet vil gje rom for minglerom og lager, og dessutan kontor mm i 2.etasje. Det blir bra.

Årsmøtet vart halde 30.mars, og 38 personar var til stades. Ingen store saker denne gongen, men ein god samtale om ulike saker. Som kjent hadde me tenkt på å endre eigarskapsstrukturen, slik at me kan motta momskompensasjon frå staten. Dette skulle vore oppe på årsmøtet nå, men grunna nye moment har me lagt saka på is.

Ei anna sak er at me planlegg ny miksepult i møtesalen. Komiteen for dette er opptatt av å høyre på ulike synspunkt, så saka kjem snart på høyring, følg med på heimesida. I alle fall vil det bli ein miksepult som kan gjere nytta både for avansert og enkel bruk, det blir bra.

Så vil eg gjerne minne brukarane av huset på å gje beskjed ved endringar i forhold til oppsett program. Dette for å hindre ugreie og for å spare straum til oppvarming og ventilasjon.

Om det skulle vere noko, så har me i styret som før kontortid mandag og torsdag kl 20-21. Som før kan me nåast på nr 51790808.

Ut av husstyret gjekk Terje Skretting. Stor takk til han for lang og tru teneste i ulike rollar på misjonshuset. Inn kom Grethe Håland, og me er svært glade for å ha kvinner med i husstyret igjen.

Min song



Det finnes så mange fine, sterke, sanger. Jeg vil skrive om en fin sang som betyr og har betydd mye for meg. Det må jo bli sangen «Jeg har ofte søkt ø herre» av en norsk salmedikter ved navn Dag Eirik Bjørnestad.

Fra jeg var liten har jeg alltid hatt vansker med å lese og forstå sammenhengen, pga dysleksi. Jeg vokste opp med foreldre og besteforeldre som likte å lese i bibelen og som leste til meg. Men når jeg ble oppi tenåra og skulle begynne å lese selv, var det fryktelig vanskelig. Jeg måtte lese samme setning 10 ganger og selv da forsto jeg ikke innholdet, eller sovnet mens jeg leste. Jeg ga fort opp, men prøvde igjen etter noen år. Hver gang ble det samme utfallet. Konklusjonen var at Bibelen ikke var for meg. Jeg hadde jo dysleksi og derfor var det jo helt umulig - sa jeg til meg selv. Jeg hørte på litt taler, men for det meste lovsang. Gjennom dette tenkte jeg at jeg fikk den åndelige maten jeg trengte.

Resultatet var at jeg fikk en tro som swingte med følelsene mine, og ble basert ut på hva jeg opplevde av sterke åndelige opplevelser, eller mangel på det. Det førte til at jeg fikk et feil bilde av hvem Gud var, uten og egentlig kjenne Han, bibelens Gud.

I en alder av 26 år opplevde jeg at Gud i større og større grad «dro meg mot bibelen». Inni meg stilte jeg mange spørsmål. Men oftere og oftere ble jeg møtt med; «dette står i mitt ord».

En venn ga meg et lite «spark» bak ved å si at som sa jeg burde lese litt hver dag, selv om jeg ikke «falte» det store utbyttet. Jeg leste ett kapittel hver dag, av og til mer og av og til litt mindre. Da begynte ting å skje. Gud åpenbarte Ordet og det ga mening. Jeg forsto ting jeg aldri hadde forstått og Han begynte å tale til meg gjennom bibelen. Han minnte meg på ord og ledet meg til tekster jeg måtte lære mer om osv. Bibelen var for meg!

Nå er jeg takknemlig over at jeg begynte å lese den gang. For det har forandret alt. Det har lagt et solid og stødig grunnlag jeg kan bygge troa på. Når jeg ser tilbake, innser jeg det at det var en sandgrunn jeg hadde bygd på, som ikke

ville tåle tidenes vann, som det står om i bibelen.

Solveig Horpestad

Så... Denne sangen er tidløs og beskriver noe mange av oss har opplevd. Da jeg hørte denne sangen første gang, noen år etter jeg hadde begynt å lese, ga det gjenklang i hjertet mitt. Den beskrev en skatt og en dybde jeg følte meg velsignet over å ha fått del i. Nå kan jeg ha dårlige dager, uker, år, og føle at Gud er langt borte. Men jeg har lest i bibelen, og der står det « ...han er jo ikke langt borte fra en eneste en av oss.» apgj 17:27.

Når vi føler at han er nær er han nær, og når vi føler oss alene og at han er langt borte, er han fortsatt nær. Følelsene forteller ingenting om hvem Gud er. Det gjør bibelen. Gud er den samme i, går og i dag, ja til evig tid. Vi kan hvile i løftene som Bibelen gir oss.

Jeg har ofte søkt ø Herre

Jeg har ofte søkt, o Herre,
Mer velsignelse fra deg.
Søkte bare dine gaver,
Nå er du blitt alt for meg.

Jesus, Jesus, Du alene.
Nå er Du blitt alt for meg.
Alt i Himlen, og på Jorden,
Har jeg Frelser nå i Deg.

Før på følelser jeg bygde,
Nå jeg bygger på Guds Ord.
Bygningsgrunn må være fjellet,
Intet står på sand og jord.

Jesus, Jesus ...
Jeg har prøvd å gripe Jesus,
Nå har Jesus grepet meg.
Jeg er trygg om stormen raser,
Han har ankret meg til seg.

Jesus, Jesus ...
Ofte la jeg store planer,
Under kamp og strid og bønn.
Nå er jeg en del av Planen,
Til den Herre Krist, Guds Sønn.

Jesus, Jesus ...
Jeg har båret tungt på troen,
Men nå bærer troen meg.
Jesus sa meg Sannhetsordet,
først om meg og så om seg.

Jesus, Jesus ...

Sentrum Menighet

M E D G U D
I S E N T R U M

Nye nettsider: sentrum-menighet.no

Velkommen til våre nye nettsider. Her vil det være oppdatert informasjon om det som skjer i Sentrum Menighet, det er enkelt å bli medlem og vi håper at mange vil bli medlemmer og også støtte oss ved å gi en gave eller bli fast giver. Gaver kan gis med skattefradrag

Ansettelse.

Tom Magne Ueland og Gina Ueland er ansatt i i deltidsstillingen menigheten som menighetsledere. Dette er første gang vi ansetter noen i menigheten og dette vil styrke arbeidet vi har både blant barn og unge og for de vaksne.



Styret i Sentrum Menighet 2023

Frå venstre:

Knut Harald Håland

Else Iren Skretting

Annette Sommerseth Auestad

Morten Habbestad

Jarle Stokkeland

Toril Skretting

Njål Omland

Per Kristian Skretting (ikkje på bilde)



Sentrum menighet

Ansatte: Gina Ueland og Tom Magne Ueland.



Etter årsmøtet er desse eldste i menigheten.

Eldste: Steinar Ånestad, Ingve Fauskanger og Terje Bøe

BYGGEPROSJEKT



Varhaug Misjonshus 2023

Misjonshuset skal Fornyes:

MINGLEOMRÅDE

Det er planlagt bygging av stort mingleområde med tekjøkken i vestbylen, nytt lager i første etasje samt flere grupperom i andre etasje.

For å realisere byggeplanene på Varhaug misjonshus skal vi samle inn 3,5 millioner.



For spørsmål kontakt Steinar Ånestad (902 02 902) eller Knut Harald Håland (958 15 295)


Måter å gi på:

Med skattefradrag:
Fast givertjeneste på nettside
Enkeltgave på nettside
Papirskjema i møtesalen

Uten skattefradrag:
Direkte til konto 3335 20 70659
Vipps 538580

Nettside:





Etiopia

Korttidsmisjonær i Etiopia

Torbjørn Honnemyr

Frå midt i april til midt i juli skal eg få reise til Etiopia som korttidsmisjonær for Misjonssambandet. Eg både gler og gruer meg. Det er 18 år sidan familien og eg kom heim frå Etiopia sist, då me budde i Yabello og arbeidde blant boranafolket i sør-Etiopia i mange år. Denne gongen reiser eg aleine og skal arbeide i Sør-Omo, eit område som ligg ca 20 mil vest for Yabello. Det handlar om evangelieformidling. Arbeidet der starta opp for rundt 40 år sidan, med fleire misjonærar frå Skandinavia, mellom anna Anne Birgitte og Terje Bøe frå Varhaug. I år er det ingen misjonærar der på fast basis. Det er likevel noen lokkale kyrkjelydar som ønsker besøk, og eindel lokale evangelistar og prestar der, og dei skal eg prøve å vandre saman med i noen månader.



Sør-Omo i gul sirkel med røde navn

Kan eg lykkast i dette? Om du vil be til Gud for meg og tenesta, så seier eg takk og Gud velsigne deg.

Akkurat nå kviler eg i ordet om at Guds Fred, som overgår all forstand, skal bevare dykker tankar og hjarte i Kristus Jesus. (Fil 4,6-7)



AUTORISERT Elinstallatør

MEDLEM AV
elkonor

Morenefaret 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40
E-post: firmapost@el-team.net
www.el-team.net

A photograph showing the interior of a modern car wash bay. The floor is red, and the walls are white. In the center is a black car wash machine with red and black bristles. To the right, there is a blue promotional sign for "BILVASK".

BILVASK
Få 5 vask til prisen av 3
Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash.
Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen.
Gyldig 1 år fra kjøpsdato.

PLATINUM
5 FOR 3
FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3

Varhaug Servicenter A/S
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED

Esso



Kvinneforeninga Fiesta

Karin Lerbrekk

Fiesta er ei kvinneforeining tilslutta Norsk Lutherisk Misjonssamband. På eit tidspunkt gjekk nokre damer ut frå ei tidlegare etablert sambandsforeining, og starta denne nye for om mogeleg få nye med på laget.

Ordet Fiesta betyr fest, og det er ein fest når desse fire damene kjem ilag. Annankvar måndag kl 20 treffest dei, og går på omgang rundt i heimane sine.

Etter eit kort møte med desse fire, ser det ut til at dei er både glade og har det festleg ilag.

Dei startar foreininga med eit godt måltid. Rundt bordet deler dei frå kvardagen sin, og har det gildt. Etter ganske mange år saman, er dei godt kjende, og kan støtta einannan i smått og stort.

Elles studerer dei gjerne ei bok, og snakkar om den.

På misjonshuset tek dei del i ein årleg basar på vårparten, og julemassa i november er ei viktig hending. Her legg dei ned mykje arbeid, og kreativiteten er stor. Dei står for mykje fint: dørkransar, blomsterpynt, adventsstakar, pynt til huset ute og inne, for å nemna noko. Dei er flinke med hendene!

Om nokon vil koma og vera med i denne foreininga, er det både husrom og hjarterom til fleire.



Vi er der når du trenger oss

Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf. 982 17 798

Hjemmeside: jts.as

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER

Elektrofag Jæren

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

EL-PROFFEN

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no

• SERVICE • DELER • REPRASJONER

VIGRESTAD BYGG

Nye styre i eigarorganisasjonane



NLM: fv. Solfrid Harbo, Kjetil Halvorsen, Tormod Nord-Varhaug, Stig Hobberstad og Grete Håland



NOR: fv. Nor: Solveig Horpestad, Roger Lerbrekk, Øystein Varhaug og Anne Utland

NMS Varhaug 2023



Sammen kan vi forandre verden.

Når mennesker møter Guds kjærlighet skapes forandring – hos den enkelte, i menigheter og i samfunnet.

For informasjon om det som skjer i NMS: nms.no

Styret i NMS Varhaug 2023: Fra Venstre – Arild Vagle, Guri Skrettingland, Sigrun Bakke, Njål Omland.



Det Norske Misjonsselskap



IMF: fv. Toralf Liene, Anne Brit Stokkeland, Svein Jakob Nesvåg og Tor Selmer Olsen



Back to basic

Helene Skrettingland



17. til 19. mars arrangerte Vakru back to basic ilag med NKUL, unges og OBS. Back to basic er ei helg som består av møte, lovsang, mat, aktivitetar og vas. Kort fortalt, leir utan overnatting.

Fredag kveld fekk me tale av Asbjørn Handeland. Då snakka han om at det er vanskeleg å seie at ein ikkje trur på noko. Spørsmålet han gjekk etter var om kvifor universet er til. Han hadde fire teoriar og snakka ut ifrå dei.

Lørdags kveld snakka han om at det fortsatt vert sett tegn på at Jesus fins. Asbjørn har nokon vennar som bur i Romania. Ein av dei blei alvorleg sjuk. Sjølv om han hadde valgt å ikkje følge Jesus, fekk Asbjørn lov til å be for han. Plutseleg gjekk det opp for Asbjørn at han skulle lese i 3. Johannes brev, vers 2. Dagen etter var personen oppe på føtene igjen og blei heilt frisk. Idag har han valgt å følge Jesus.

Ellers bestod helga av kjekke møte med underholdning og servering av mat. På lørdagen var det KRIK i Varhaug idrettshall, og søndag bestod av paintball i ungdomslags-skogen på Nærbø. Godt oppmøte og ei strålende kjekk helg!







Stemnestaden på Varhaug

Tekst: Sjur Håland - Foto: Reidar Varhaug

Kva i all vide verda er det som greier å røska med seg mor og far, ungar, bestemor og farfar på hagestemne ein søndag i august. Og, ikkje minst, kva er eit hagestemne for noko?

Om du held fram med å lesa, kan det henda du finn svar.

Hagen til Åse Marie og Håkon Varhaug ligg like ved Varhaug gamle kyrkjegard. Her, mest heilt i havkanten, er det alt anna enn lågt under taket. På stemnedagen ein søndagsettermiddag sist i august, skin oftast sola frå ein knall blå himmel. Utsikten er fri, i alle retningar. Og når stemneprogrammet har kome så langt at andaktshaldaren snakkar om æva, ser du ein flik av Himmelten frå fluktstolen din i hagen på Varhaug.

Stemning

Folk kjem sigande i god til. På sykkel, til fots, eller med bil. Her er det raust med plass

til alt og alle. Det blir lett litt anagleis enn i kyrkja eller på Misjonshuset. På Varhaug er det Vårherre sjølv som styrar ventilasjonen. Og, om du ikkje slit med ei sommarforkjøling, vil du kjenne ein eim av saltrök, friskt raigras blanda med akkurat passe mengd husdyrgjødsel. Småfuglar sjauar i tretoppane i hagen, medan kyrne viftar fluer med halane og kikkar på stemnedeltakarane over steingarden.

Ungane rullar seg over plenen og hylar i fryd. Dei eldre kludrar litt med å få fluktstolane i rett posisjon, medan dei unge og sterke alt har funne kvileposisjonen og skjenka seg den første marineblå plastkoppen med kaffi frå termosen. Steiketakker og vaffeljern er kopla til straumnettet ved huset til kårfolket på garden. Grå røyk siv opp og legg seg som eit mjukt teppe over grillen, medan Njål Omland, trakterer keyboardet og Katrine Håland Varhaug og Astrid Håland syng stemnet inn i det rette stemningsleiet.



Så er det andakt, kollekt og quiz. Så er det mat og kaffi, brus og drøs, før folk ryddar saman og pakkar seg heim med seg og sine.

Starta i løa

Me har teke turen til Svanevegen og til Gerd og Jens Ånestad. Dei er NMS-veteranar her på Varhaug. Det same er Reidar Varhaug, som er med på besøket.

- I byrjinga heitte det ikkje hagestemne, men løestemne, slår dei to NMS-venene fast.

Kva tid første løestemne var halde på Varhaug, er vanskeleg å finna ut av. Men ein annan veteran og tidlegare bonde på Varhaug, Johannes Stokkeland, fødd i 1927, meiner det var stemne på Varhaug alt før krigen. Då var det Jakob R. Varhaug (1880-1954), far til den seinare verten og bonden Rasmus J. Varhaug (1913-1997) og syster hans Ingeborg Varhaug (1908-?), som var vertskap. Og medan me er

Far sendte oss ungane over til nabo Rasmus J. for å vera med å sopa løa på laurdagen før stemne. Då fekk me kvar vår flaske med brus. Me slo hol i korken med ein spiker, og drakk små slurkar for at flaska skulle vare lenge.

Reidar Varhaug

inne på vertskap, kjem me ikkje utanom den pur unge Arvid Mæland. Han pakta garden ein periode frå 1985, og var slett ikkje til hinder for at løa kunne brukast og stemne kunne gjennomførast.

Oftast fint vêr

Då Eva og Reidar flytte ned på gardsbruket, var det heilt sjølvsagt også for dei å opna tun, løe og hage for stemne. Slik har det også vore for dagens vertskap, Åse Marie og Håkon.

- Me flytte til gards i 1980. Det var først då me byrja å vera ute i hagen om vêret var fint. Før dette var stemne alltid i løa. I dag er det slik at Misjonshuset er reserveløysing dersom vêret ikkje spelar på lag. Men det skjer sjeldan. Me plar få godt vêr, seier Reidar.

Gerd Ånestad, kona til Jens, hugsar ho var på stemne då ho var lita jente og fylgde mor si.

- Og no er eg 80 år, så stemne har det vore lenge, seier ho.

Lånte benker

Det var ein heil del rigging som skulle til. Folk skulle ha noko å sitja på. Både Reidar og Jens fortel at dei lånte benker i dei gamle skulehusa på Auestad og Lerbrekk.

- Dette skjedde på laurdagen. For å få dei lange benkene ut av skulehusa, måtte me bruka vindauge. Før me sette benkene på plass i løa, var det til å sopa golvet for førrestar, rusk og rask, dette var mitt ansvar dei ára eg var leiar, seier Jens.

Ein søndag föremiddag var Jens på plass for å sjå til at løa var klar til å takast i bruk. Regnet hang i lufta.

- Fôrluka ned til fjøset var open. Det lukta sterkt av fjøs i løa, hugsar Jens.

Før han visste ordet av det, stod Emma Lobekk (1908-2009), ei av dei trugne foreningskonene i NMS, i løedøra. Ho ropte inn til Jens: «Jens, er har fått ord på at det ikkje skal regna her i

Stemnedagane var heilt spesielle. Me var alltid fegne då dagen var over. For oss som arrangerte var det knytt spaning til korleis arrangementet ville bli.

Jens Ånestad

dag.» Jens sitt svar kom kontant: «Ja vel. Har du fått ord på det, så hiv eg sopekosten.»

Jens la sopekosten til sides og sette benkene på plass i hagen under den gråsvarte og regntunge himmelen.

- Me fekk ikkje ein drope med regn under stemne. Men på veg heim etterpå så opna slusene seg og regnet fossa ned.

- Kvifor kom møtefolket på at dei ville arrangere stemne så lenge dei hadde Forsamlingshuset/Misjonshuset?

- Dette starta i ei heilt anna tid. Eg trur stemnedagen vart sett på som ein festdag, seier Jens.

- Det at arrangementet var utanom Misjonshuset gjorde at naboar og andre som ikkje gjekk elles, kom og var med, legg Reidar til.

Ole vart fælen

Ole Erikson Varhaug (1892-1963) var ein staut bonde i nabolaget, som ikkje trødde ned dørene verken den eine eller andre plassen. Men det året det vart kjent at det skulle koma ein afrikanar til stemne, møtte Ole Erikson opp. Han hadde aldri sett ein mørkhuda person før. «Mannen var så svart at eg vart heilt fælen», sa Ole Eriksen etterpå.

På stemne var det alltid to talar etter gammalt. Ein før og ein etter matpausen. Det kunne vera ein misjonær eller ein emissær. Felles for dei tilreisande var at dei tykte det var spesielt å forkynna i ei gammal løe, der folk sat på trebenker, medan ungane fann seg plassar i høystaen eller mellom treskeverk og andre reiskaper som stod langs løeveggene.

Svalene var med

Då Eva og Reidar tok over, var føregjengaren deira, Rasmus J., svært nøyne med å presisera at den vesle døra i den store løedøra alltid måtte stå open gjennom sommaren slik at svalene kunne koma til og frå reira sine oppunder løetaket. Den nye vertskapen

Me skulle arrangera stemne. Løa var ekstra rotete denne gongen. Ungane var halvstore og var med på ryddinga. Då lokalet var ferdig rydda og sopt, sa ein av ungane; «me skulle eigentleg hatt stemne kvar helg.»

Reidar Varhaug



Dei lange benkene var fast inventar på løestemne. Eg hadde orkesterplass og såg ei kvinne som kom inn i hagen og sette seg som første person ned på eine enden. Kvinna var ingen lettvektar; noko som førte til at benken spratt opp i andre enden, medan kvinnen deisa ned med stussen på plenen. Ho slo seg ikkje det minste grann, men vart raudflamma i andletet og kikka seg rundt for å sjå om nokon hadde sett uhellet. Eg såg og gløymer aldri synet.

Jens Ånestad

kunne nok tenkt seg at stemnegjestene kunne sitja i benkene utan å få fugleskit i fanget. «Nei, la fuglane flyga og la folk sjå korleis det er og korleis det skal vera i ei løa», sa ein av dei trugne stemnedeltakarane, Eirik J. Varhaug.

På stemne var det slik at folk ordna seg sjølv med mat og kaffi. Men talarane, anten det var misjonærar, emissærar eller folk frå NMS sitt hovudkontor, fekk spesialservice og vart inviterte inn i stova til måltid og kaffi på kvit duk med fint porseleنسervise.

Quiz og ablegøyser

Hagestemne var det mange av i bygdene rundt om på Jæren. Reidar og Jens meiner det nå er berre Varhaugstemne att på Varhaug. Går me nokre år, eller snarare tiår tilbake, var det for eksempel stemne på Skretting (Hjå Solfrid og Erik T.), på Ånestad (Rakel og Hans T.) og på Varhaug. Seinare kom Prestastemne - i hagen hjå presten. Dette sistnemnde vart seinare arrangert på Djøseland.

Varhaugstemne stemnar fram mot nye høgdepunkt i hagen. I 2022 var det Frivillighetens år. Då var heile kretsen invitert til Varhaug 27. august. Mykje folk kom, og alle fekk garantert ei god oppleveling med andakt, helsingar, «quiz og ablegøyser».

- Det gjer seg ikkje sjølv, kva er det som held dykk i gang?



- Det er fantastisk med alle som kjem. Særleg gildt er det med alle dei unge familiene. Eg ser på stemne som eit lite kall. Det handlar til sjuande og sist om å forkynna Guds ord til frelse og oppbygging, seier Reidar.

- Stemne er kome for å bli så lenge det er folk som tek seg tid til å lage det til. Åse Marie og Håkon er fantastiske oppi dette. Eg tenker at stemne er ei folkeleg samling der kven som helst kan koma og ha det gildt i lag, legg Jens til.



Trugne stemnefolk delar gilde minne frå Varhaugstemne opp gjennom åra. Frå venstre: Reidar Varhaug, Gerd Ånestad og Jens Ånestad.



AH Bygg Auestad & Håland AS
Møllevei 12, 4360 Varhaug
Tlf.: 51798579

**BYGGMESTER
O d d m u n d
VAGLE**



Tlf 47 63 62 02

Ånestadvegen 292 - 4360 Varhaug

BØEN STORKIOSK
GATEKJØKKEN

Dublandsvegen 1A - 4360 Varhaug - Tlf: 51 43 00 99

Mandag - Torsdag: 10⁰⁰ - 22⁰⁰ Fredag: 10⁰⁰ - 23⁰⁰
Lørdag: 09⁰⁰ - 23⁰⁰ Søndag: 10⁰⁰ - 22⁰⁰



KJÆRNEBORING



BETONGSAGING



Rilling av spaltegulv. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utmeisling av fjos.

Egil Håland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com

Erik Håland
EH
Maskin as

Mobil 970 55 500

SKAL DU GRAVE?

KONTAKT

ERLING

AUESTAD

MASKINENTREPENØR
VARHAUG
Alt innen graving
Tlf. 51430878
Mobil. 97197815



butikken

- mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varhaug
Tlf. 51 77 14 70

Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14

JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - DEKKSALG - OLJESERVICE

TLF.: 917 00 827 - VARHAUG

Mi bok

«Mens vi venter på et under»

Av Marian Nygård

Den observante leser av Misjonshusbladet har kanskje fått med seg at Marian Nygård nyleg har vore på Varhaug og undervist om profeti (og helbredelse saman med mannen Thomas Stornes). Eg kjøpte då denne boka, og eg tenkjer eg gjorde eit godt kjøp.

Før eg skriv litt om denne boka, vil eg først ta med litt om historia ho fortel i si første bok «Jeg har jo et godt liv.» Det er historia om sonen Adrian, fødd i 2000. Når dei byrja å gje han fast føde, starta ei lang sjukehistorie. Dei fann etter kvart ut at guten ikkje tolte noko slags mat, og han måtte ha intravenøs næring. I tillegg hadde han fleire helseutfordringar som gjorde at dei vart ofte og akutt innom sjukehuset. Fleire gonger var det så vidt dei rakk fram i tide.

Det året Adrian fylte tolv år sa legen til dei at no var tida inne for å ta den turen dei hadde snakka om - ein tur for å samle minner som familie. Neste år var det ikkje sikkert dei kunne ta denne turen. Så dei reiste på tur til USA nedlessa med medisinsk utstyr. Og der i ei kyrkje var det nokon som ba for Adrian, at han skulle verte frisk - og så skjedde underet. Adrian vart heilt frisk, utan at legar eller andre kunne finne ei naturleg forklaring på dette.

I boka «Mens vi venter på eit under» tek Marian oss med inn i ulike sider ved det å leve tett på sjukdom, og å vente på eit under. Både Marian og Thomas har bedt for mange som er sjuke. Nokre vert heilt friske, mens andre ikkje. Thomas sjølv har sine plager, men her ikkje vorte frisk - sjølv om han har opplevd at andre vert friske av same plagene når han har bedt for dei. Korleis forhalde seg til sjuke og sjukdom, samtidig som vi trur på ein Gud som kan helbrede? Gjennom 40 kapittel tek Mariann oss med på ei reise. Ho deler ærleg



Terje Bøe

om sine erfaringar, frustrasjonar og vonde opplevingar. I kvart kapittel får vi med oss eit vers frå Guds ord, refleksjonar knytta til dette ordet i møte med livserfaringar. Gjennom dette får vi hjelp til å sjå Gud i alt dette. Vi vert utfordra til å sjå ting frå ein ny synsvinkel. Vi får spørsmål vi kan tenke over, og i boka er det òg plass til å notere ned spørsmål og tankar som undervegs. Kvart kapittel vert avslutta med ei kort bøn.

Eg likar denne boka fordi ho ikkje tek lett på det å leve med sjukdom. Vi kan merke at det Marian skriv ikkje er teoriar, men levd liv. Ho veit korleis det er å møte eit helsevesen som av og til kunne fungert betre. Eg kan kjenne igjen møter med menneske som kjem med velmeinte råd, men som ikkje heilt forstår at dei fleste råd enten er prøvd før eller er heilt feilslåtte. Og midt i dette tek ho oss også med til Gud, og hjelper oss med å sjå håpet i han. Ho utfordrar oss på å våge å tru. Ja, utfordrar oss til å tru på eit under. Samtidig som vi får hjelp til å leve «Mens vi venter på et under».

2. pinsedag kl 1930 kjem Marian Nygård igjen til Varhaug Misjonshus. Då vil ho nok fortelje meir om deira historie, og dersom du ynskjer vil det vere nokon som vil be for deg og din situasjon. Velkommen.





Konsert på misjonshuset 19.mars

Glenn Skretting

I mars 2020, altså for 3 år sidan, hadde Hananja forberedt seg og var klar til å arrangera konsert på misjonshuset saman med Hilde Svela. På grunn av nedstenginga av landet vart konserten avlyst.

Med hensyn til smittefare vart brått korsang noko av det versta ein kunne gjera, og det har vore ei vanskeleg tid etterpå for mange kor å koma i gang igjen. Også for Hananja. Koret har prøvd seg fleire gonger utan å lukkast.

Tidleg haust 2022 samlast styret igjen til idedugnad for å sjå om det kunne vera grunnlag for å koma i gang med eit eller anna. I den forbindelse kom koret i kontakt med Bjarte Svanes Pedersen fra Egersund som er ein tidlegare kjenning av Hananja. Bjarte hadde lyst å vera med på noko, og dermed dukka ideen med Prosjekt Syng 2023 opp.

Det vart lagt opp til 4 øvinger i perioden januar-mars, og på første øving i januar møtte det ca 60 personer inkl musikarane, så det vart ein skikkeleg boost for koret.



Koret gjennomførte 4 intense øvinger med stort engasjement fra Bjarte. Det har vore stort aldersspenn, fra 25 til over 60 år. Dette har fungert godt, og koret har opplevd flott samhald på tvers av generasjonar.

Prosjekt Syng 2023 inviterte til konsert på misjonshuset søndag 19.mars. Det knytte seg stor spenning til kor mange som vil koma, og det var svært gledeleg at huset vart fullt med ca 300 tilhøyrar i tillegg til koret og musikarar.

Det vart ein flott kveld kor Jonas Skrettingland deltok med ord for kvelden. Etter konserten var det kafe med servering av pizza, brus og kaffi.



Påskevandring på Holma

Per Åge Skretting

Søndag før palmesøndag vart det arrangert påskevandring på Holmavatn for 3. gong. Første gong var under pandemien, der det var umogeleg å samla mange til leir eller andre arrangement. Over 450 deltok i år.

Det var ei gruppe i NLM som stod for dette. Men fleire som er aktive på Misjonshuset deltok på dei 8 postane som var laga til.

Gjennom vandringa, der deltakarane hadde meldt seg på i grupper på 25-30 stk, fekk deltakarane oppleva scener frå det som skjedde i Jerusalem for snart to tusen år sidan, frå palmesøndag med palmegreiner og esel til nattverdsmåltidet og vidare Jesu liding, død og oppstode til fiskefangsten i strandkanten på Genesaretsjøen.

Påskevandringa var ei oppleveling for både store og små. Kan henda vert det arrangert ny vandring like før påske neste år?





vatn





Der meisteren vandra

Per Åge Skretting

Kfar Kana er nemnt tre gonger i Bibelen:

- **Her gjorde Jesus sitt første av 37 under, under ein bryllupsfest. (Joh. 2,1-12)**
- **Ein kongeleg hovedsmann bad Jesus koma ned til Kapernaum. (Joh. 4,47 og 49)**
- **Natanael, som seinare vart kalla apostelen Bartolomeus, kom frå Kana (Joh. 21,3)**

Kfar betyr ein liten landsby, så Kfar Kana er altså staden Kana. Johannesevangeliet (Joh. 2,12) fortel at Kana ligg i Galilea, i fjelltraktene vest for Genesaretsjøen. Jesus gjekk frå Nasaret til Kapernaum og den vanlege vegen gjekk gjennom Kana. I dag går det an å gå denne ruta til fots, slik Jesus gjorde og heiter då «Jesus Trail». Ruta er på ca. 65 km frå Nasaret til Kapernaum, og det tek frå fire til sju dagar å gå, avhengig av kor langt ein går kvar dag. Avstanden frå Nasaret til Kana er på ca. 16 km. Det betyr at avstanden frå Kana til Kapernaum er på ca. 48 km. I dag står ei fransiskanarkyrkje i Kfar Kana. Den vert kalla Bryllaupskyrkja og er bygd i 1880. Kyrkja står på eldre bygningars frå det fjerde og femte hundreåret. Like ved er det også ei greskortodoks kyrkje.

Læresveinane vart overveldta av den gjerninga Jesus gjorde i Kana og måtte erkjenna at denne enkle tømmermannssonan sanneleg er Guds son. I hans hand er makt og velde lagt, ja for



denne Herre er ikkje noko umogeleg fordi han er Guds son, komen til jorda for å gjera under og teikn i Guds allmakt.


Kana skal fortelja oss at Han ikkje var eit menneske som oss, men også Guds son som er gitt all makt i himmel og på jord. Kana fortel at me har ein Herre som kan alt, og at alt er mogeleg for Han. I Han har me ein Gud som gjer under, og som hjelper oss på underfullt vis når menneske ikkje lenger kan hjelpa. Difor treng me ikkje stå overfor det umogelege. Me kan gå til denne allmektige Herre og leggja det fram for Han i bøn.

Embetsmannen som var i teneste hos Herodes, Antipas, reiste frå Kapernaum til Kana for å be Jesus koma og gjera sonen hans frisk. Han var døden nær. Jesus sa til han; «Gå heim, sonen din lever.» Antipas trudde Jesu ord, og reiste heim. Han stolte på Jesus, der og då. Embetsmannen reiste tilbake til Kapernaum. På heimvegen kom tenarane hans han i møte og fortalte at sonen levde. Han spurte då kva tid feberen forlét guten, og då dei sa det, forstod han det var akkurat då Jesus hadde sagt: «Gå heim sonen din lever!» Trua vart delt, og heile hans hus trudde på Jesus.

Natanael vert ofte nemnt i lag med Filip, og det var Filip som tok han med til Jesus. Filip sa: «Vi har funne han som Moses og profetane har skrive om: Det er Jesus frå Nasaret.» Natanael var skeptisk og spurte: «Kan det koma nok godt frå Nasaret?» Nasaret var jo ein enda mindre plass der det berre budde rundt 150 personar. Filip svarte: «Kom og sjå!» Då Jesus såg Natanael sa han: «Sjå, der er ein ekte israelitt, ein som det ikkje er svik i.» «Kor kjenner du meg frå», spurte Natanael. «Eg såg deg før Filip ropte på deg, der du sat under fikentreet.» Natanael visste godt at Jesus ikkje hadde vore der då, så han sa: «Rabbi, du er Guds son, Israels konge.» Jesus svarte: «Du skal få sjå større ting enn dette.»

Natanael fekk namnet Bartolomeus og vart ein av dei tolv læresveinane. Han leid martyrdøden i Armenia, vart flådd levande og krossfesta med hovudet ned. Armenia vert omtala som verdas første kristne stat.





Bøn i ei av kyrkjene i Kana:

Vår kjære Herre Jesus,

«Vi takker deg, fordi du er en allmektig Herre som forvandler vann til vin.,ja som kan forvandle alt: bedrøvelse til glede, fjell av vanskeligheter til en banet vei, om du bare sier et ord.

Vi vil berømme din makt her, besyng den og ære deg ved stor tro. Ved våre vanskeligheter og umuligheter vil vi ha tillit til deg, at du i dag er den samme levende Herre. Du ser vår nød og gjør også i dag under, og gir oss din hjelp når vi roper til deg og tror på deg. Det takker vi deg for. Amen»



VoldenTollefsen AS

Rådhusgt. 2A, 4360 Varhaug

Tlf. 51 47 22 00 / www.voldentollefSEN.no



SPAR



SPAR VARHAUG

Tlf. 51 43 01 36

E-post: spar.varhaug@ngbutikk.net

Opningstider 06.30 - 21.00
(08.00-20.00)



Brit Jane Varhaug
Einervegen 3
Tlf.: 51430757



Tlf: 51 43 59 00 e-post post@vph.no www.vph.no



Murmester

Waldeland & Dubland AS

Alt i mur-, puss- og flisarbeid
Tlf: 992 50 989

Epost: post@waldeland-dubland.no

HUS • TILBYGG • REPARASJONER
Be om pristilbud på arbeid og materialer



Prisar for leige av Misjonshuset

org nr. 974 923 319

Gjeld frå 1. Januar 2021

Betaling til konto nr: 3335 11 24011 ----- eller ein kan nytte VIPPS nr 538580	Kristelege arrangement Eigarorgan sasjonanene (NMS, IMF, NLM, Normisjon)	ANDRE	Anna bruk SELSKAP, GRAVFERD, o.l.	FAGMØTE handelslaget o.l.
Møtesal	400	600	1300	2000
Anretnings kjøkken	400	600	1000	1200
MATSAL 1)	300	400	1200	1600
Kjøkken 2)	300	500	1200	1600
Ungdomssal	400	500	1200	2000
Bønnerom (2.etasje) 3)	100	200	200	200
Foreningsrom 4)	100	200	200	200
Barnekjeller 5)	150	200	200	200

Merknad

- 1): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.
- 2): Ved kokking av kaffe og ikkje oppvask: kr. 50.-
- 3): gratis for bønnemøter
- 4): Gratis for styremøter og planmøter for eigarorganisasjonane og deira tilknytte einingar.
- 5): Ved leie av kjeller er det skoforbud, og det skal ryddast og vaskast etter bruk.

Priser for spesielle arrangementer:

Konfirmasjon/ BRYLLAUP: bruk av kjøkken, matsal, ungd.sal kr. 5000 *)

 " ": bruk av anr.kjøkken og møtesal kr. 3500 *)

Andre selskap med matsal og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup.

*) Leige er for ein heil dag pluss kvelden før til pynting. Merk: ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag.

	Eigarorg.	Andre
Møteveke uten fest på sundag	1200	1300
Møteveke med fest på sundag	1600	2100
Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag)	9000	-----
Basar (med tillaging dagen før)	1500	1500

NYTTÅRSFEST, heile huset, med tillaging 28-30/12 kr. 3000 (Ungdomslaget)

ANNA BRUK AV HUSET

Etter avtale.

Leige av utstyr	Pris pr stk	andre tenester	Pris pr time
Dukar (lin)	kr. 150.	servering ved bryllaup o.a.	kr. 200
Dukar (teflon)	kr. 100.		
Dukar (velour)	kr. 50.		
Bord (matsalbord til private selskap)	kr. 40.		
Stolar (gamle matsalstolar)	kr. 10.		

Det skal nå ikkje betalast 5% av omsetnad..

Varhaug, 27.mars 2020
Styret for Varhaug Misjonshus.

Faste arrangement

Oversikt over faste som ikke er i den enkle møteoversikten

Dag	Arrangement kontakt telefon	Tidspunkt	Rom
Mandag	Åpen Barnehage Jeanette Tegle Tveit 41532651	0900-1300	Matsal
Mandag	Pianoøving Ragnhild Hoel 92443772	1330-1815	Matsal
Mandag	Minikor Marie Vatne Dyngeland 98817527	1700-1745	Møtesal
Mandag (oddetall)	Yngreskor Anne M. Fauskanger 48266184	1815-1915	Møtesal
Tirsdag	Homlebølet Kjellaug L. Røynås 92233840	0930-1200	barnekjeller
Tirsdag	Bønnesamling Terje Bøe 90519422	2030-2130	ungdomssal / bønnerom
Tirsdag (oddetall)	MTM - Misjen tre & mek Sondre Aanestad 90415922	1830 - 2130	sløyd og metall i kjeller
Tirsdag	SUNDAG lovsangsguppe Anne Birgitte L. Bøe 47953147	1900-2130	Møtesal eller ungd.sal
Onsdag (annan kvar)	Speideren, 5.kl og opp André Vagle 48145331	1900-2030	Ute
Torsdag	Åpen Barnehage Jeanette Tegle Tveit 41532651	0900-1300	Matsal
Torsdag (partall)	Speideren, 2. - 4. kl Åse Marie Varhaug 90702567	1645-1845	ute, Odlandsskogen
Torsdag	UL-Lovsangsguppe Martha Nord-Varhaug 91689177	1800-2000	møtesal eller ungd.sal
Fredag	Ope hus Petter Grødem 47714919	2000-2330	ungdomssal
Lørdag	Ungdomslaget Ola Askeland 47232012	2000	ungd.sal (eller møtesal)

VARHAUG MISJONSHUS

VAKTLISTE 2022-2023-2024

<u>namn/tlf</u> <i>(varamann i parantes)</i>		<u>Vekenummer</u>		<u>og dato</u>	.			
Loyd Ånestad 915 39 216 (Asbjørn Fauskanger 94157641)	50 12/12	6 6/2	14 3/4	22 29/5	30 24/7	38 18/9	46 13/11	2 8/1
Andreas Rasmussen 957 68 809 (Kristian Skrettingland 91375393)	51 19/12	7 13/2	15 10/4	23 5/6	31 31/7	39 25/9	47 20/11	3 15/1
Per-Arvid Jakobsen 926 17 652 (Tor-Jarle Ueland 91671417)	52 26/12	8 20/2	16 17/4	24 12/6	32 7/8	40 2/10	48 27/11	4 22/1
Torbjørn Honnemyr 479 56 501 (Martin Dyngeland 97055506)	1 2/1	9 27/2	17 24/4	25 19/6	33 14/8	41 9/10	49 4/12	5 29/1
Glenn Skretting 993 02 566 (Åge Skrettingland 90939439)	2 9/1	10 6/3	18 1/5	26 26/6	34 21/8	42 16/10	50 11/12	6 5/2
Grethe Håland 936 74 616 (Leif Nord-Varhaug 91192055)	3 16/1	11 13/3	19 8/5	27 3/7	35 28/8	43 23/10	51 18/12	7 12/2
Georg Høien 414 74 560 (Reidar Varhaug, 90890978)	4 23/1	12 20/3	20 15/5	28 10/7	36 4/9	44 30/10	52 25/12	8 19/2
Tarald Ånestad 906 37 516 (Ståle Ånestad 94885541)	5 30/1	13 27/3	21 22/5	29 17/7	37 11/9	45 6/11	1 1/1	9 26/2

Til alle brukarar av huset.

(Angitt dato er for mandagene).

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. Tlf nr til Misjonshuset: 51430808.
Kontortid på Misjonshuset er mandag og torsdag kl 2000-2100,
I juli vil det ikkje vere kontortid. Ein kan òg nytte internetsida for å bestille leige, sjå http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

Styret for Misjonshuset.